



## Prinsipp for integrering av nye ord i juridiske ordbøker

Johannes Nymark

Norges Handelshøyskole (NHH)

### Summary

#### Principles for the Integration of New Words in Legal Dictionaries

In the elaboration of the legal part of a Spanish/Norwegian-Norwegian/Spanish dictionary a series of lexical problems has arisen, among others how to deal with the necessity of new terms for designating new concepts or new phenomena in society.

Encyclopedic dictionaries in the legal field combine the translation and/or explanation of terms with information about different styles (in the general language and in the technical languages), different legal systems, and cultural differences in a broad sense of the term “cultural”. These kinds of dictionaries will in the future be published in book format, but will also be available on the net, as CD-roms, or whatever might be the publishing channel, depending on the technological development.

Not only are there considerable differences between the legal systems in Norway and in the Hispanic world, but the Spanish speaking world – Spain and 19 Latin American Republics – also presents a great variety of differences among each other, and in the Spanish case there are even notable differences between the country’s autonomous regions. In our study, where we limit ourselves to Spain and Argentina, we state that the different political-administrative divisions of the two countries have terminological implications. The term *Corte Suprema* does not have the same meaning in Argentina – where there are Supreme Courts at the provincial as well as at the national (federal) level – as the terms *Tribunal Superior* and *Tribunal Supremo* have in Spain, where there are Supreme Courts at the national level and at that of the autonomous communities, a level that does not exist in Argentina.

Neologisms – especially new terms referring to new concepts – constitute challenges to the persons dedicated to translation tasks. The English terms *time-share* and *time-sharing* were at first introduced into Spanish expressions in the form *time-sharing*; for instance, *contrato de time-sharing*. However, the English term was felt as contrary to the nature of the Spanish language, and various new proposals were made, with *en régimen compartido* and *de aprovechamiento por turno* as the most satisfactory ones in legal language. Yet most people find those terms too complicated for everyday use and prefer the more inaccurate *multipropiedad*. Another problem in the translation into Norwegian is constituted by the Spanish pair *corrupto – corruptor*, where the Norwegian language only has at its disposal “korruppt” covering the totality of the semantic fields that Spanish distributes into the two terms mentioned. The question here is whether there is need for a new Norwegian term for *corruptor*.

The analysis and the discussion in this paper permit us to make some suggestions as to the principles for the integration of neologisms in (bilingual) legal dictionaries:

- the neologisms should be included as far as they are actually used in the legal language;
- terms and expressions in actual use, but not considered correct from a strictly legal point of view, should be marked with pop. (standing for “popular”);
- exceptionally, when one has to do with semantic fields where there previously happens to be no terms in the language in question, one should be allowed to make new terms (which will have to be defined and explained in a satisfactory manner);
- when terms clearly are limited to one country or just a few countries, those terms should be marked as being specific to the actual countries.

Når ein omset eller tolkar frå eitt språk til eit anna, eller når ein arbeider med to- eller fleirspråklege ordbøker, støyter ein ofte på problem i samband med kulturelle skilnader mellom land, eller tilmed mellom regionar i det same landet. Den språklege utfordringa ligg først og fremst på det leksikalske planet, som opnar for å integrera nye ord ut frå behovet for å finna nye nemningar på nye omgrep eller nye fenomen i samfunnet.

På spanskseksjonen ved NHH har Willy Rasmussen og underteikna måtta ta stilling til mange slike problem når vi i eit samarbeidsprosjekt har arbeidd med ei spansk/norsk-norsk/spansk ordbok, som vi har delt i to bolkar: økonomisk-administrativ bolk (Willy Rasmussen) og juridisk bolk (underteikna). På grunn av mange typar problem, av både prinsipiell og praktisk art, har det tatt mykje lenger tid enn planlagt å utarbeida og slutføra ordboksprosjektet.

### **1. Encyklopediske ordbøker**

Denotasjonen av ein term kan ein grovt sett lesa ut av ei ordbok, dersom denne er nokolunde brukande. Men i tillegg til denotasjonen må ein ved kvar bruk og i kvar kontekst ta omsyn til konnotasjonen, ein kommunikativ faktor som varierer avhengig av moment som historisk periode, individuelle røynsler og kulturen ein har med å gjera. Stilistiske faktorar verkar òg inn, med sine variablar med omsyn til geografiske dialektar, sosial klasse og formalitet, mellom anna. Å øverføra slike tydingar frå eitt språk til eit anna let seg gjera når ein har å gjera med kulturar som liknar ein annan, men det er særskild komplisert i dei tilfella der språka reflekterer heilt ulike kulturar, med ulike tradisjonar og med språkssystem som har svært lite, eller inkje, sams. Når ein omset frå svensk til norsk, eller frå spansk til portugisisk, støyter ein på problem som let seg løysa relativt sett mykje lettare enn når ein omset frå til dømes svensk til swahili, eller frå spansk til mandarin-kinesisk.

For ein omsetjar eller tolk er det sjølv sagt uråd å ha tilstrekkeleg gode kunnskapar innan fleire fagområde og samstundes kunna alt – eller det meste – innan ulike kulturar, sjølv om desse kulturane nyttar det same språket, slik tilfellet er med spansk, som blir tala i Spania og i 19 republikkar i Latin-Amerika. Her er det då at ordboka kan – og bør – spela ei hovudrolle, men då vel å merka ikkje ei tradisjonell ordbok, som ikkje gjer stort meir enn å lista opp ord alfabetisk, med omsetting til eit anna språk. Den nye typen ordbok eg her vil gjera meg til talsmann for, er alt blitt føreslått, her i Norden mellom anna av Rita Sørensen i hennar doktoravhandling (1997). Ei slik ordbok blir gjerne omtala som encyklopedisk ordbok, og på det juridiske området vil ein leggja mykje vekt på å forklara juridiske system og i særleg grad likskapar og ulikskapar mellom dei.

Encyklopediske ordbøker er nok framtidens ordbøker, anten dei blir publiserte i bokform, som CD-rom, eller på anna vis (avhengig av den teknologiske utviklinga), og i ei verd der profesjonalisering og sektorisering grip stadig meir om seg, vil dei måtta gi tilstrekkeleg realia-informasjon (om til dømes juridiske system, og økonomisk og teknologisk utvikling) til at i alle fall folk med ei viss utdanning skal kunna ha utbyte av opplysningane. I tillegg vil ein kunna gi opplysningar om kulturelle skilnader i ei meir tradisjonell tyding, som skilnader i mentalitet og i språkleg uttrykk.

Eitt viktig utgangspunkt når ein omset fra eitt språk til eit anna er at ein gjer nett det: omset frå eitt språk til eit anna språk, ikkje frå eitt juridisk system til eit anna juridisk system. Men omsetjaren må sjølv sagt vera obs på skilnadene, og når ein lagar ordbøker, må ein komma

med emneinformasjon, i den forstand at ein har med oversyn over dei viktigaste skilnadene mellom dei juridiske systema det er tale om, og i tillegg må det på termnivå opplystast om likskapar og ulikskapar som har noko å seia for ein omsetjar. Dette er det opplagt mykje lettare å få til i ei elektronisk ordbok enn i ei tradisjonell papirordbok.

Ulike tradisjonar med omsyn til språkbruk i juridisk stil gjer òg at det i encyclopediske ordbøker bør inkorporerast kontrastiv grammatisk og stilistisk informasjon. Opphopinga av substantiv gjer at det juridiske språket får ein karakteristisk nominalstil, som skil det frå allmennspråket. I spansk juridisk språk florerer det dessutan med underordna setningar, gerundium, partisipp og adverbial, som til saman gjer at folk flest får store problem med å få med seg innhald og meining. Former som futurum konjunktiv, som ikkje lenger er liv laga i spansk allmennspråk, har overlevd i den juridiske sjargongen og verkar til å gi juridisk språk eit sterkt arkaisk tilsnitt. Ei vanleg juridisk omskriving med verb + substantiv, som ikkje tilfører noko meir enn eit tilsvarande verb, bidrar også til det stive, tunge preget som juridisk språk har: *proceder a la adjudicación* i staden for berre *adjudicar* (“tildela”), *efectuar el control* for *controlar* (“kontrollera”), *estar en posesión de* for *poseer* (“eiga”) eller ganske enkelt *tener* (“ha”).

Når ein kombinerer fleire av desse særeigne draga ved juridisk språk kan ein på spansk få svært lange og kompliserte setningar, ofte på meir enn 25 ord før punktum. I dei spanske Arbeidarstatutta, som i demokratiets namn burde vera så lett forståelege som råd er, finn ein i § 40, pkt. 1, ein innfløkt setning på ikkje mindre enn 88 ord (!).

## 2. Inter- og intrakulturelle skilnader

For å omsetja språkleg godt og etisk forsvarleg må ein omsetjar/tolk vera godt inne i det han/ho omset eller tolkar, men det finst faktorar som verkar til hinder for dette arbeidet, i tillegg til det reinte språklege. Dei ulike juridiske systema er slike hinder. Mange land har innlemma i sine juridiske system delar av andre juridiske system, og dessutan verkar sedvanerett på variabelt sett mange stader. Slike skilnader utgjer problem spesielt for dei som omset frå eitt språk til eit anna, men det finst òg tilfelle der ein har ulike juridiske system, prinsipp og tradisjonar mellom land med same språk, og jamvel mellom regionar innanfor det same landet. Såleis er det til dels store skilnader i juridiske system mellom dei spansktalande landa i verda, og når det gjeld Spania, mellom dei autonome regionane i landet.

Som døme kan vi her nemna skilnadene mellom dei juridiske systema i Spania og Argentina (sjå vedleg til slutt). Medan Spania har ei politisk-administrativ inndeling i fire (kommunar, provinsar, autonome regionar og nasjonalstaten), så finst det i Argentina berre tre slike politisk-administrative nivå, sidan ein der ikkje operer med autonome regionar. I det søramerikanske landet har kvar provins sitt eige rettssystem, sjølv om den føderale Grunnlova (dvs den argentinske nasjonens Grunnlov) har forrang, og rettssystemet i provinsane er underordna den nasjonale (føderale) lovgjevinga.

Dei skilnadene vi her har peikt på når det gjeld det politisk-administrative systemet og rettslege organ, fører med seg terminologiske ulikskapar, og termen *Corte Suprema* (“Høgsterett”) i Argentina tyder ikkje det same som *Tribunal Superior* og *Tribunal Supremo* (som også må omsetjast med “Høgsterett”) i Spania. I dette sistnemnde landet har ein høgsterett i dei autonome regionane og på statleg spansk nivå, medan det i Argentina finst

høgsterettar i provinsane og på det nasjonale nivået. Også i andre tilfelle observerer ein terminologiske skilnader: I Spania snakkar ein om *Audiencias Provinciales* (rettsinstansar på provinsnivå) og *Audiencias Nacionales* (rettsinstansar på nasjonalt nivå), medan termen *audiencia* i Argentina ikkje blir nytta i tydinga “rettsinstans”.

Når stoda no ein gong er slik – og sjølv sagt mykje meir kompleks viss ein dreg inn fleire land og fleire rettssystem – så er det opplagt at ein omsetjar ikkje i ein og same person kan vera spesialist på det språklege og det språksosiologiske feltet, og samstundes sitja inne med ekspertise på dei mange ulike rettssystema rundt om i verda. Her er det meininga at den encyklopediske ordboka skal komma han/henne til unnsetnad med dei inter- og intrakulturelle skilnadene som er relevante, i vårt tilfelle på det juridiske området.

### 3. Kva med neologismane?

Neologismar – nye termar som refererer til nye omgrep – stiller ein omsetjar eller tolk andsynes viktige problem. I rettsspråket, som i regelen er sterkt konservativt, er ikkje neologismar særleg vanlege, men dei finst på felt som til dømes data, der ein treng nye lover på eit område som er relativt nytt. Svært ofte hentar slike nye område sitt vokabular frå det språket som dominerer når det gjeld den teknologiske utviklinga. I dette tilfellet er det engelsk. Nye realitetar, eller det at noko breier om seg, fører til at det kjem nye termar, som til dømes *casco azul* (“blå hjelm” = FN-soldat) eller *blanquear* (“å kvitvaska” i økonomisk forstand).

Dei seinaste åra er det blitt eit nokså utbreidd fenomen at fleire personar eller familiar kjøper sin del i ein leiligheit som ein så skiftar på å nytta. Spesielt er dette blitt meir vanleg når det gjeld leiligheiter på feriestader. Denne praksisen går på engelsk under nemningane *time-share* og *time-sharing*, og desse termane er blitt tatt opp i andre språk i si engelske form og meir eller mindre også med engelsk uttale. På spansk er det *time-sharing* ein refererer til, og heretter er det difor den termen som blir nytta her.

På spansk, og spesielt i Spania-spansk, nytta ein først den engelske termen, også som del av samansette uttrykk: *contrato de time-sharing* (“kontrakt om tidspartar”). Men den engelske termen er såpass framand for eit spansk språkøyre at ein snart tok til å leita etter ein eigen spansk term. Den første løysinga ein kom opp med, *multipropiedad* (direkte omsett blir det “fleireigedom”), kom i bruk nær sagt over alt i staden for *time-sharing*: *apartamento en (régimen de) multipropiedad* (“tidspartleiligheit”), *tener el derecho de (aprovechamiento de) un apartamento en multipropiedad* (“ha rett til (å nytta) ein tidspartleiligheit”) og *promotor de la multipropiedad* (“PR-mann for/seljar av tidspartar”). Ein fekk tilmed avleiinga *multipropietario* (“tidsparteigar”). Men termen *multipropiedad* påkallar ikkje plent dei same assosiasjonane på spansk som *time-sharing* på engelsk, og ein såg seg difor om etter betre termar. Spesielt *multipropietario* fører tankane hen på ein som har mange (*multi-*) eigedommar og ikkje på det som er meininga i vårt tilfelle.

Når diskusjonen først var starta, blei den ikkje avgrensa berre til Spania. I Venezuela kom i 1995 *La Ley que regula y fomenta la multipropiedad y el sistema de tiempo compartido* (“Lova som regulerer og fremjer tidsparteigedommar og systemet med delt tid”). Mange var likevel dei som heller ikkje var nøgde med termen *tiempo compartido* (“delt tid”), sidan det

ikkje var tida dei ulike eigarane delte (på) (på spansk tyder *compartir el tiempo* å dela (på) den same tida).

I EU, der ein gjer mykje for å gjera termar så einsarta som råd er (språkleg og innhaldsmessig), ymta ein fram på om termen *inmueble en régimen compartido* (“bustad som ein deler på”), med følgjande grunngjeving: *El auge de la industria turística ha multiplicado las propuestas de contratos por los que se adquiere el derecho de utilizar inmuebles en régimen compartido: por ejemplo, el derecho a utilizar una semana al año un apartamento situado en una zona turística de playa o de montaña* (“Oppblomstringa i turistindustrien har gjort at ein har fått mange fleire kontraktframlegg. Gjennom desse kontraktane kan ein få rett til å nytta bustadar som ein deler på: til dømes retten til å bruka ei veke i året ein leiligheit i eit turistområde ved stranda eller på fjellet”).

I 2001 publiserte så det spanske Justisdepartementet ein *Guía sobre los derechos de consumidores en la nueva Ley de Derechos de Aprovechamiento por Turno de Bienes Turísticos (antes denominado “Multipropiedad”)* (“Forbrukarrettleiing til den nye Lova om rettane til bruk etter tur av turisteigedommar (tidlegare kalla “fleireigedom”)”).

Her synte det seg snart at den nye termen, (*propiedad de) aprovechamiento por turno* (“(eigedom) til bruk etter tur”), verka så innfløkt, krøkkete og juridisk formell at vanlege folk ikkje tok den i bruk. I staden gjekk ein tilbake til *multipropiedad*, som i dag er den termen som er i bruk i alle andre enn juridiske samanhengar.

Eit anna døme på problem som oppstår i omsetting og tolking, finn vi i termene *corrupto* og *corruptor* på spansk. *Corrupto* blir i spanske ordbøker til vanleg forklart med: *que se deja corromper*, og denne termen finn vi att i norsk som “korrupt”, ein term som blir forklart todelt: “som mutar eller lèt seg muta” (nynorsk), “som bestikker eller lar seg bestikke” (bokmål). Det er såleis berre den andre delen (“som lèt seg muta”/“som lar seg bestikke”) som svarer til det spanske *corrupto*. Den første delen i den norske forklaringa av “korrupt” blir på spansk gjengjeve med *corruptor: que corrompe*.

Spørsmålet her blir kva ein gjer når ein skal omsetja *corruptor* til norsk. Det er heilt klart ikkje tilfredsstillande å nytta det norske “korrupt”, sidan denne termen både syner til den som mutar og den som lèt seg muta. Ein kan sjølvsagt omskriva eller forklara termen når ein omset, men det kan bli vel mange omskrivingar og forklaringar av den same termen i økonomiske tekstar der det er tale om korrupsjon. Det er i slike samanhengar ein fordel å ha ein term for omgrepet også på norsk.

Ein kunne tenkja seg at ein fann på ein term som ville bli lett forstått og truleg ville få aksept på litt sikt. Ein slik term kunne på bokmål vera “bestikker”, som lèt seg forstå utan vidare som substantiv. Men kva med “mutar” på nynorsk? Dét ordet ville truleg få nordmenn (men dess fleire svenskar) dra kjensel på. Ein term som “korruptør” verkar i utgangspunktet konstruert og kunstig på norsk, og ville kan henda ikkje verka så intuitivt riktig på andre enn dei som har gode kunnskapar i store verdsspråk i den vestlege kulturen.

Ein grunn til at det spanske ordet *corruptor* ennå ikkje har sin ekvivalent på norsk, kan vera at juridisk språk i første rekkje omtalar handlingar, ikkje personar. Personnemningar kjem såleis

i andre rekkje, og gjerne først etter at allmennspråket har introdusert ein term for fenomenet eller omgrepet.

#### 4. Framlegg til løysingar

Kva løysing ein skal foretrekkja for å integrera neologismar i ei ordbok, er sjølvsagt avhengig av mange og ulike faktorar. Enkle oppskrifter finst ikkje på dette feltet, og når vi her har tatt opp på den eine sida problem i samband med omsetting til spansk av den engelske termen *time-sharing*, og på den andre sida ein norsk ekvivalent av det spanske *corruptor*, så er det for å visa spennvidda i problematikken og for å få fram kor viktig det er med løysingar som både tar omsyn til den reelle språkbruken og kravet om at det juridiske språket skal vera så klart som det lèt seg gjera, gjerne med bruk av definisjonar, dersom det hjelper til å gjera klart kva som meinst eller kva ein term eller eit uttrykk står for.

Som døme på integrering av nye ord, vil eg difor foreslå at engelske *time-share*, *time-sharing* og norske “tidspart” i hovudsak blir gjengjeve i ei juridisk ordbok med *en régimen compartido* og *de aprovechamiento por turno*, med ei tilleggsforklaring om at det i praksis dreier seg om bustadar, spesielt leiligheiter. Dessutan bør termen *multipropiedad* med, men den må då merkast pop. for å syna at den er folkeleg, medan dei to først nemnde er dei juridisk korrekte, utan nærmare avgrensing av spansktalande land, sidan det her ikkje dreier seg om påviseleg geografisk avgrensa termar. Det bør òg takast med døme på bruk, også i samansetningar, à la det vi hadde i første del av det forrige underkapittelet.

Termen *corruptor* forhold det seg litt annleis med, i og med at den ikkje har nokon akseptert ekvivalent på norsk. Forklaring og definisjon på norsk er det her heilt om å gjera å leggja fram, og framlegg til ny term bør berre presenterast i den grad ein meiner at termen vil kunna slå gjennom. Sjølv ville eg vera svært varsam med å gjera framlegg om så vel “bestikker” på bokmål som “mutar” på nynorsk. Sjølv om bokmålstermen bør vera nær sagt intuitivt forståeleg, er dette slett ikkje tilfellet med det nynorske framlegget, og eg vil difor hella mot termen “korrupør”, som kan gå på begge målformer og som dessutan kan trekkja fonetisk og semantisk på den innarbeidde termen “korrup”.

Eg ville likevel kvi meg for å innføra nye termar som ein ikkje kan prova frå konkret bruk i språket. Men det kan henda at det vil vera ønskjeleg å innføra nokre nye termar, og dersom eg til slutt kjem fram til den konklusjonen, vil eg samla dei i eit underkapittel i den første bolken i den encyklopediske ordboka, der eg eventuelt vil grunngi og diskutera korfor eg kjem med framlegg om dei. Under sjølve termen i den eigentlege ordboksdelen vil eg så visa til dette underkapittelet, som ikkje må bli særleg langt.

#### 5. Somme prinsipp

Det juridiske språket er av ein slik art at det fører ut til sin yttarste konsekvens tendensar som òg kan observerast i andre tekniske språk og jamvel i allmennspråket. Det juridiske språket, som blir rekna for å vera sær konservativt, er på mange måtar lukka og denotativt, på det viset at termar skal ha ei meir eller mindre permanent tyding, som det ikkje skal vera råd å ta feil av. Å ha dette som ideal er ein ting, å setja det fram som prinsipp er mykje verre, noko vi her har sett når vi har tatt opp problem i samband med neologismar.

Nye termar veks fram som ein konsekvens av at samfunnet endrar seg, nye skikkar slår rot og det trengst nemningar på nye fenomen og nye omgrep. Når det gjeld eit språk som spansk – med ulike tradisjonar og ulik praksis frå land til land og gjerne òg frå region til region – er det vanskeleg, og ofte uråd, å halda seg à jour med utviklinga over alt i språkområdet. Likevel vil eg våga å komma med somme prinsipp for integrering av nye ord i juridiske (tospråklege) ordbøker. Her følgjer nokre døme på slike prinsipp:

- neologismar må takast med i den grad dei reelt blir nytta og er aksepterte i juridisk språk;
- termar eller uttrykk som er i bruk, men som ikkje blir rekna for å vera korrekte ut frå ein strikt fagspråkleg synsstad, bør merkast med pop. (for populært, folkeleg);
- unntaksvis kan ein laga nye termar når ein har å gjera med semantiske felt der det ikkje finst termar frå før i språket (dei nye termane må alltid definerast og forklarast på ein tilfredsstillande måte);
- når det heilt klart dreier seg om termar som er avgrensa til eitt eller nokre land, må desse merkast med landtilhøyrse.

### Referansar og kjelder

Aguilar San Ginés, Pedro (1997) *Introducción a la traducción jurídica y jurada*. Granada: Editorial Comares.

Cabré, María Teresa (1993) *La terminología*. Barcelona: Editorial Antártida/Empuries.

Congreso de la República de Venezuela (1995) *Gaceta Extraordinaria*, nr. 5022. På

<http://www.comunidad.derecho.org/pantin/>.

Europaunionen (EU) (2003) “*inmueble en régimen compartido*”, på

<http://www.europa.eu.int/eurodicautom/login.jsp>.

Lerat, Pierre (1997) *Las lenguas especializadas*. Barcelona: Ariel Lingüística.

Ministerio de Justicia de España (2002) *Guía sobre los derechos de los consumidores en la Nueva Ley de Derechos de Aprovechamiento por Turno de Bienes Turísticos*. På <http://www.mju.es>.

Sørensen, Rita (1997) *Prinsipper for integration af kulturelle forskelle i leksikografiske værker med særligt henblik på dansk/spansk arveret*. Aalborg: Aalborg Universitet (doktoravhandling).

Vedlegg (jf. kap. 2)

## **ESPAÑA**

### **municipios** (kommunar)

- Juzgados de Primera Instancia
- Juzgados Sociales
- Juzgados de lo Contencioso

Administrativo, etc.

(**contencioso**: som har med tvistespørsmål

å gjera)

### **provincias**

- Audiencias Provinciales

### **comunidades autónomas**

- Tribunales Superiores de las Comunidades Autónomas

### **Estado español** (Den spanske staten)

- Audiencias Nacionales
- Tribunal Supremo (4 salas)
  - alle saker
  - heile Spania

## **ARGENTINA**

### **municipios**

- Tribunales de Primera Instancia
- Tribunales del Trabajo (Arbeidsrett)
- Tribunales de lo Contencioso Administrativo, etc.

### **provincias**

- Tribunales de Segunda Instancia
- Corte Suprema (provincial)
  - kvar provins har sitt rettssystem

### **Estado argentino**

- Tribunales de Primera Instancia en lo Federal
- Cámaras Nacionales de Apelación
- Cámara Federal en lo Penal de la Nación
- Corte Suprema de Justicia de la Nación
  - nasjonens Grunnlov har alltid forrang